



veg- Alver kommune Samferdsel
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1555 - 23/59283

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.07.2023

Oversender revidert søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum til uttale - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 188/385
Tiltakshavar: Alverporten As
Ansvarleg søkjar: Arc Arkitekter As

Det vert vist til Alver kommune sitt brev datert 03.05.2023 der søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum vart sendt på uttale.

Det er sendt inn revidert søknad om dispensasjon i e-post datert 07.07.2023.

Saka gjeld revidert søknad om mellombels dispensasjon for bruk av gbnr 188/385 til overflateparkeringsplass med 67 parkeringsplassar (i siste fase). Dersom det blir gjeve mellombels dispensasjon til etablering av overflateparkering, vert sjølve etableringa av parkeringsplass eit permanent tiltak då det skal etablerast for meir enn 2 år. Eigedommen er i dag nytta til hagesenter. Denne verksemda blir avvikla på denne eigedommen i samband med utbyggingsprosjektet på gbnr 188/137 m.fl.

Dersom omsøkte dispensasjonssøknad vert godkjent, er at det vert søkt om endring for prosjektet på gbnr 188/137 ved at parkeringsplan vert redusert og at framtidig permanent parkering til forretnings- og bustadbygga vert dekkja i den framtidige parkeringskjellaren til den delen av BS 7 som det no er søkt om overflateparkering for. Det vert vist til søkjar si utgreiing om dette i vedlagte dispensasjonssøknad.

I den reviderte søknaden er det sendt inn kart som skisserer korleis overflateparkering og tilkomsten til denne er tenkt løyst i anleggsfasen med utbygginga på naboeigedommane og i arbeidet med Lyngvegen, i 3 fasar.

Historikk

Lyngvegen skal i følgje områdereguleringsplanen for Knarvik Sentrum stengast. Det er i vedtak datert 25.02.2021 i Utval for areal, plan og miljø gitt dispensasjon frå områdeplanen for kravet om detaljregulering og vist stenging av Lyngvegen, jf. arkivsak 20/8216. Det er gitt

dispensasjon og rammeløyve til oppføring av forretnings- og bustadbygg på del av BS7 og BS8 med parkeringskjellar i vedtak i Utvalt for areal, plan og miljø 08.02.2023, jf. arkivsak 22/5386.

Planstatus

Tiltaket ligg delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planid. 1263-201002, og delvis innanfor områdeplanen Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø med planid. 1263-201201.

Innanfor områdeplanen for Knarvik Sentrum er tiltaket i strid med arealføremålet sentrumsføremål BS7, føresegnsområde #12 som er mellombels rigg- og anleggksområde, jf. føresegn 3.2.6 d), og kravet om at all parkering skal skje under bakken i føresegn 3.1.9.

Innanfor tunnel-planen for fv. 57 er tiltaket plassert i strid med arealføremålet anna veggrunn grøntareal, o_VG, gang- og sykkelveg, o_GS, og veg o_KV.

VURDERING

Søknaden vert oversend for uttale i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1.

Veglova

Det er vår vurdering at tiltaket vil krevja utvida avkøyringsløyve frå kommunal veg, jf. veglova.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Lenke til saka: [Arkivsak 23/1555 - Byggesak GBNR 188/385 Gjervik ytre - Mellombels parkeringsplass \(sing.no\)](#)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert dispensasjonssøknad for parkeringsplass - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Parkering faser

Dispensasjonssøknad

Oversender søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik Sentrum til uttale - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Kopi til:

Alverporten As	Radøyvegen 239	5911	ALVERSUND
Arc Arkitekter As	Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM

Mottakarar:

Alver kommune Plan og analyse	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statens vegvesen	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
veg- Alver kommune Samferdsel	Postboks 4	5906	FREKHAUG